



Til avtalepartane

Jordbruksforhandlingar 2018

Velferdsordningene består av følgjande ordningar;

Avløyning ved ferie og fritid

Avløyning ved sjukdom

Landbruksvikarordninga

Sjukepengeordninga

Tidlegpensjon

Alle ordningar er like viktige for bonden. Akutt beredskap ved sjukdom og krise vert primært dekkja gjennom Landbruksvikarordninga. I Landbrukstenestene utgjør dette ca. 1/3 av behovet for beredskap, så det er nødvendig at alle ordningane fungerer etter intensjonen. Landbruksvikarordninga kan med enkle grep gjerast betre ved meir fleksibilitet.

Den største budsjettposten er satt av til avløysartilskott ved ferie og fritid. Det er essensielt at gardbrukar nyttar tilskottet til å ta seg fri frå arbeidet, og overlata dette til andre. Om tilskottet vert nytta til kjøp av andre tenester enn ferie/fritid, av økonomiske årsaker, kan dette etter kvart gå ut over både bonden og dyra sin velferd.

I tillegg til gode rammevilkår er det naudsynt at tilskotta følgjer kostnadsutviklinga. På sikt så bør det vera eit mål at makstilskott ved ferie/fritid vert knytt opp mot 1 G, og at maks dagsats ved sjukdom vert sett til 2% av 1 G.

Prioriterte punkt

1. Utvikling av Landbruksvikarordninga
 - a. Avvikle kravet om at eventuelt overskott i ordninga eitt år skal betalast tilbake eller motreknast mot tilskottet neste år, for å gje landbrukstenestene sjansen til å bygga opp ein god beredskap under landbruksvikarordninga.
 - b. Fjerne grensa på kor mykje landbrukstenestene som mottar tilskott kan bruke til administrasjon, opplæring og rekruttering, som i dag er på kr. 40.000,- per årsverk.
2. Tilskotta må følgje kostnadsutviklinga. Dei ulike tilskotta har eit etterslep i forhold til kostnadsutviklinga og bør justerast for dette etterslepet og etter den tid følgje kostnadsutviklinga. Ved å knytte tilskotta til G vil ein ha ein automatisk utvikling av tilskotta frå år til år.
 - a. Tilskott ved ferie og fritid bør aukast til kr. 87.000,- for å ta igjen kostnadsutviklinga
 - b. Tilskott per dag under sjukdom bør aukast til kr. 1.875,- for å ta igjen kostnadsutviklinga
3. Tilknytingskrav til foretaket ved tilskott til sjukdom mv.
 - a. Kravet om ein 1/2 G i næringsinntekt vert erstatta med eit krav om næringsinntekt uavhengig av storleik.
 - b. Sambuar vert teke inn i ordninga etter nærare retningslinjer.

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon